

Blir du med på Skorpefjellet?

01.06.2011



Vandrarane på biletet over står på målet for turen, som er toppen av Skorpefjellet. Imorgon, Kristi Himmelfartsdag, går turen igjen til topps på den spennande øya vi har liggjande utanfor oss.

Førebel s har det meldt seg 12 som vil vera med, men det er plass for fleire, understrekar turleiari Kjell Yri. Påmeldingar skjer til telefon 488 93150 eller 990 28081 (Kjell Yri eller den andre turleiaren Jofrid Eik)

Det er frammøte på Sandakaien klokka 10 og ein får berre håpa at vergudane er på parti med turfolket.

Turen går innom 'Tunet i det blå' og murane etter ein gammal husmannsplass i Øredalen. Det vil bli fortalt om hendingar på Skorpo i gamal tid og om geologi og fauna, som er facinerande og spesiell.

Turen er relativt lett og utsynet frå toppen over fjord og fjell fantastisk. Berre å se Uskedalen frå ein annan vinkel er ei oppleving.

Det er nokre få år sidan det var fellestur på Skorpefjellet sist, men dette burde vera ein årleg post på programmet, meiner mange..

Av Ola Matti Mathisen